



Mjåtveit Næringspark AS
Grønamyrsv. 2
5353 STRAUME

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1567 - 16/13540

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:

29.06.2016

Godkjenning - GBNR 22/218 - Løyve til arealoverføring - Mjåtveit Næringspark

Administrativt vedtak. Saknr: 224/2016

Tiltakshavar: Mjåtveit Næringspark AS

Søknadstype: Søknad om arealoverføring, jf . plan- og bygningslova (pbl) § 20- 1 bokstav m).

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Arne Kristiansen har, med fullmakt frå Mjåtveit Næringspark AS, søkt om løyve til arealoverføring av 0,3 daa frå gbnr. 22/218 til parsell B som det vart gjeve løyve til frådelling av i vedtak datert 16.6.2016. sak nr.: 203/2016.

Gbnr.2 2/218 er matrikkelført som bergverk/industri. Den har eit samla areal på om lag 138,8 daa. Mjåtveit Næringspark AS står matrikkelført som grunneigar. Arealet som er søkt overført er markert med skraver på vedlagte situasjonskart, journalført 27.6.2016.

Vi viser elles til søknad journalført motteke 27.6.2016.

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla ettersom det ikkje berører naboar eller gjenbuarar, jf. pbl § 21-3 andre ledd. Administrasjonen har ingen merknadar til dette.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Endring av eigedomsgrenser er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at tiltaket «må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Den omsøkte egedomen er regulert til næring/forretning/kontor i reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø, planid: 125620120001. Frådeling er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål, jf. pbl § 26-1.

Frådelinga har ingen innverknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 første ledd bokstav m) løyve til overføring av areal frå gbnr. 22/218 til parsell B i henhold til vedlagte situasjonskart.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vart kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om arealoverføring, Gbnr 22/218

Mottakere:

Mjåtveit Næringspark AS

Grønmyrsv. 2

5353

STRAUME